

## Alm. Forretningsvilkår for handel med finansielle instrument m.m. gjennom SpareBank 1 Sogn og Fjordane

(Basert på standard utarbeidd av Verdipapirforetakenes Forbund, 19.09.2017, endra 28.06.2023)

Gjeld frå 1. juli 2023

Desse vilkåra (Forretningsvilkåra) er utarbeidde i samsvar med norsk lovgjeving og lovgjeving innan EU og EØS-området som verdipapirføretaket pliktar å følgje. Vilkåra erstattar i sin heilskap tidlegare versjonar av forretningsvilkåra.

Vilkåra er bindande for kunden, når kunden, etter å ha signert kundeavtale eller etter å ha motteke Forretningsvilkåra frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane (heretter Banken), gir ordre til, inngår avtale eller gjennomfører handlar med Banken.

Desse forretningsvilkåra kan endrast med bindande verknad for banken sine kundar dersom endringane ikkje er til ugunst for banken sine kundar. I slike tilfelle gjeld endringane frå det tidspunkt kundane får melding om endringar. Ved eventuelle endringar som er ugunstig for banken sine kundar, gjeld ein varslingsplikt på to månadar før endringar blir iverksett.

Dersom Kunden motsette seg endringane, må Kunden i begge tilfelle som nemnd ovanfor, melde frå til banken før det oppgitte tidspunktet der endringane blir sett i kraft. Ei slik melding gjer banken rett til å seie opp si avtale med kunden.

Kunden blir antatt å ha akseptert og å ha mottatt melding om endring per e-post dersom Kunden har oppgitt e-post adresse til banken. Endringar vil ikkje ha verknad for ordre, handlar, transaksjonar med vidare som er

inngitt eller gjennomført før tidspunkt for varsling av endring.

### 1. KORT OM BANKEN

#### 1.1. Kontaktinformasjon

SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Org. nr. 946 670 081

Postboks 113, 6801 Førde

Telefon 57 82 97 00, Telefaks 57 82 97 01

Hovudkontor: Langebruvegen 12, 6800 Førde

kundesenter@ssf.no

www.ssf.no

#### 1.2. Kommunikasjon

Skriftlege meldingar frå kunden skal sendast per e-post, brev, eller etter avtale per SWIFT eller på annan elektronisk måte til den eininga i Banken eller kontaktperson som er rette mottakar. Dersom kunden ikkje veit kven som er rett mottakar, må kunden kontakte Banken.

#### 1.3. Tilknytte agentar

Banken kan nytte tilknytte agentar til marknadsføring av tenester, skaffe oppdrag, ta imot og formidle ordre, plassere finansielle instrument og investeringstenester som Banken tilbyr. Banken er ansvarleg for all verksemd agenten gjennomfører på vegner av Banken.

#### 1.4. Kva investeringstenester Banken har konsesjon til å yte

##### 1.4.1 Banken har konsesjon til å yte følgjande investeringstenester:

- Mottak og formidling av ordre på vegner av kunde i samband med eit eller fleire finansielle instrument
- Omsetning av finansielle instrument for eiga rekning
- Investeringsrådgjeving

#### 1.4.2 Dessutan tilbyr Banken følgjande tilknytte tenester:

- Tenester relatert til valutaverksemd når dette skjer i samband med yting av investeringstenester
- Kredittgjeving<sup>1</sup>

#### 1.4.3 Investeringsrådgjeving

- Banken har konsesjon til å yte investeringsrådgjeving. Denne rådgjevinga er ikkje å rekne som uavhengig etter dei vilkåra som er oppstilte i lovgjevinga. Sjå heimesida eller kontakt Banken for nærmare informasjon om kva denne rådgjevingstenesta er basert på.

#### 1.5. Tilsyn

Banken står under tilsyn av Finanstilsynet (Organisasjonsnummer: 840747972).  
Adresse; Revierstredet 3, 0151 Oslo.  
[www.finanstilsynet.no](http://www.finanstilsynet.no)

## 2. KVA FORRETNINGSVILKÅRA GJELD

Desse forretningsvilkåra gjeld når Banken yter investeringstenester og tilknytte tenester så langt dei passar, i tillegg til tenester vedkommande transaksjonar i instrument som liknar finansielle instrument. Forretningsvilkåra gjeld i tillegg til særskilte avtalar som vert inngått mellom Banken og kunden. Ved eventuell motstrid mellom slike avtalar som nemnd overfor under dette punkt 2 og Forretningsvilkåra, skal dei særskilde avtalane gjelde framfor Forretningsvilkåra.

For følgjande forhold vil det kunne verte inngått særskild avtale eller tilleggsavtale:

- 1) handel med og clearing av standardiserte (noterte) derivatkontraktar
- 2) handel med og/eller clearing av ikkje-standardiserte (OTC) derivatkontraktar
- 3) aktiv forvaltning
- 4) handel på kreditt
- 5) tenester i samband med garantistilling for fullteikning av emisjonar
- 6) inngåing av rente- og valutakontraktar
- 7) internetthandel, medrekna direkte ordreformidling til Oslo Børs eller annan regulert marknad, samt eventuell programhandel

Handel og clearing kan også vere regulert av særskilte handelsreglar, standardvilkår og andre regelverk gjeldande for dei enkelte marknadsplassane<sup>2</sup> og oppgjerssentralar der handel og/eller clearing vert utført. Ved motstrid mellom Forretningsvilkåra og/eller avtalar som nemnd i føregåande ledd og slike handelsreglar/ standardvilkår skal handelsreglane/ standardvilkår for den enkelte regulerte marknadsplass/ oppgjerssentrall gjelde framom Forretningsvilkåra.

Banken pliktar dessutan å følgje reglane for god forretningssskikk fastlagde i den enkelte marknad, medrekna etiske normer fastsette av Verdipapirforetakenes Forbund. Dei etiske normene og handsamingsreglane for klagesaker i samsvar med desse er å finne på [www.vpff.no](http://www.vpff.no)

<sup>1</sup> Kredittgjeving til kjøp av finansielle instrumenter

<sup>22</sup> Utførelsesplass omfattar alle handelsplasser som Foretaket benytter, herunder Systematisk Internaliserer

### 3. INTERESSEKONFLIKTAR

Banken pliktar å gjere eigna tiltak for å unngå at det oppstår interessekonfliktar mellom Banken og kundar, og kundar i mellom.

Banken har retningslinjer for å handsame og førebyggje interessekonfliktar

Retningslinjene har som føremål å sikre at dei ulike verksemdsområda i Banken opererer uavhengig av kvarandre, slik at kunden sine interesser vert ivaretekne på ein forsvarleg måte. Særleg vil Banken legge vekt på at det ligg føre tilfredsstillande informasjonssperrer mellom avdelingar for rådgjeving eller tilrettelegging og andre avdelingar, og mellom aktiv porteføljeforvaltning og den ordinære meklinga i Banken.

Organisering av Banken og dei særleg teiepliktreglane som gjeld, kan medføre at Banken sine tilsette som har kontakt med kunden ikkje kjenner til eller kan vere avskorne frå å nytte informasjon som finst i Banken sjølv om informasjonen kan vere relevant for kunden sine investeringsavgjerder. I enkelte tilfelle vil kunden sin kontaktperson(ar) eller andre i Banken ikkje ha høve til å utføre rådgjeving med omsyn til bestemte investeringar. Banken kan i slike tilfelle ikkje grunnkje kvifor Banken ikkje kan gi råd eller utføre bestemte ordrar.

Banken og dei tilsette i Banken kan likevel ha eigne interesser i relasjon til dei handlar kunden vil gjere.

Dette kan mellom anna følgje av:

- 1) rådgjeving eller tilretteleggaroppdrag for det aktuelle investeringsobjektet,
- 2) garantistilling eller deltaking i fullteikningskonsortia,
- 3) marketmaking, systematisk internalisering og anna eigenhandel,
- 4) rådgjeving og utføring av ordre for andre kundar,
- 5) upubliserte investeringstilrådingar (analysar) utarbeidde av Banken,
- 6) tilsette sine eigne posisjonar.

### 4. LYDOPPTAK OG ANNA DOKUMENTASJON

Banken tar lovpålagt lydopptak av telefonsamtalar i tilknytning til yting av investeringstenester, eller telefonsamtalar som har til formål å yte eller utøve investeringstenester.

Banken tar lydopptak av alle ordrar om kjøp, sal eller teikning av finansielle instrumenter gitt per telefon. Banken kan ikkje utføre ordrar som vert ringde inn til telefonar som ikkje er tilkoppa utstyr for lydopptak, inkludert mobiltelefonar. Lydopptak og anna dokumentasjon vert lagra av Banken.

Banken vil oppbevare lydopptaket i ein periode som samsvarar med gjeldande rett rekna frå opptaksdagen. Lydopptaket vert normalt sletta etter utløpet av den pålagde oppbevaringstida. Lydopptak med den enkelte kunde kan finnast igjen ved søk mellom anna på tidspunkt for samtale, inngåande og utgåande telefonnummer og den tilsette i Banken som gjennomførte telefonsamtalen.

Banken kan verte pålagd å utlevere lydopptaket til offentlege styresmakter og andre som kan krevje utlevering i medhald av lov. I tillegg vil lydopptaket kunne verte utlevert til Verdipapirforetakenes Forbunds Etske Råd, mellom anna i samband med handsaming av klagesaker for kunden. Tilknytte agentar og andre føretak som samarbeider med Banken om yting av investeringstenester har tilsvarande plikt til å ta lydopptak av samtalar

med kunden i den grad slike tenester vert ytt over telefon.

Det som er beskrevet over i dette punkt, gjeld også lydopptak på andre kommunikasjonskanalar som Teams, videokonferansar og liknande elektronisk kommunikasjon.

Dokumentasjon av kommunikasjon gjennom andre kommunikasjonskanalar enn telefon ved yting av investeringsstenester vil Banken oppbevare i ein periode som samsvarar med gjeldande rett.

Banken vil gjere lydopptak og anna dokumentasjon tilgjengelege for kunden etter førespurnad. Kunden kan få nærare informasjon om framgangsmåte ved å kontakte Banken.

## 5. KUNDEKLASSIFISERING

Banken har etter verdipapirhandellova plikt til å klassifisere kundane sine i kundekategoriar, høvesvis ikkje-profesjonelle kundar og profesjonelle kundar, inkludert kvalifiserte motpartar. Det er gitt lovreglar om korleis klassifiseringa skal skje. Banken vil informere alle sine kundar om i kva kategori dei er klassifiserte.

Klassifiseringa har verknad for omfanget av kunde- vernet. Det vert stilt større krav til mellom anna informasjon og rapportering til kundar klassifisert som ikkje-profesjonelle enn til kundar klassifiserte som profesjonelle. Banken har etter gjeldande lovgiving plikt til å innhente opplysningar om kunden for å vurdere om tenestene eller det aktuelle finansielle instrumentet/produktet er eigna eller føremålstenleg for kunden gjennom eignatest og føremålstenelegtest.

Klassifiseringa har verknad for omfanget av eigna- og føremålstenelegtestane, i tillegg til vurderinga av kva som vil utgjere "beste utføring" ved gjennomføring av handlar for kunden.

Kundar klassifiserte som profesjonelle vert likevel vurderte å ha særlege føresetnader for sjølve å vurdere dei enkelte marknader, investeringsalternativ, handlar og den rådgjeving som Banken gir. Profesjonelle kundar kan ikkje gjere gjeldande særskilte reglar og vilkår som er fastsette for å verne den ikkje-profesjonelle kunde.

Kunden kan be Banken om å endre kundeklassifiseringa. For profesjonelle kundar som ønskjer å verte handsama om ikkje-profesjonelle kundar må Banken samtykke til dette og det må gjerast avtale om dette mellom partane. Ikkje-profesjonelle kundar som ønsker å bli klassifisert som profesjonelle kundar må oppfylle vilkåra som er fastsette i lovgivinga. Nærare informasjon om framgangsmåten ved slik omklassifisering, vilkår og konsekvensane av dette får ein ved førespurnad til Banken.

## 6. KUNDEN SITT ANSVAR FOR OPPLYSNINGAR GITT BANKEN, FULLMAKTER M.M.

Banken pliktar å innhente og oppdatere ei rekke opplysningar om kunden for å oppfylle krava til å «kjenne sine kundar» etter regelverket om kvitvasking og verdipapirhandellova sine krav om eigna- og føremålstenelegtest. Opplysningane vert innhenta også for å oppfylle krava til informasjon som gjeld for transaksjonsrapportering og FATCA<sup>3</sup>- og

---

<sup>3</sup> Foreign Account Tax Compliance Act, gjelder amerikanske borgere

CRS<sup>4</sup>-rapportering i samsvar med internasjonale avtaler Norge er bunden av.

Kunden må ved etablering av forretningsforholdet gi Banken opplysninger om personnummer/ organisasjonsnummer/LEI<sup>5</sup>, adresse, skatteland, telefonnummer, eventuelle elektroniske adresser, eigarar eller reelle rettshavar til juridiske personar og personar med ordrefullmakt. Fysiske personar skal opplyse om sitt eller sine statsborgskap.

Kunden skal gi opplysningar om penge- eller bankkontoar og verdipapirkontoar i Euronext Securities Oslo<sup>6</sup> (ES-OS) eller anna tilsvarande register.

Eventuelle endringar i opplysningane skal straks meldast til Banken skrifteleg.

Kunden tar på seg å gi Banken fullstendige og korrekte opplysningar om eiga finansiell stilling, investeringserfaring og investeringsmål som er relevant for dei tenester og finansielle instrument som kunden ønskjer. Slik informasjon er naudsynt for at Banken skal kunne handle i kunden si beste interesse og gi råd om kva finansielt instrument kunden som er eigna for kunden å kjøpe, selje eller fortsette å eige. Banken må sende kunden eignafråsegn ved yting av investeringsrådgjeving. Eignafråsegna vert sendt kunden etter at ordre er gitt dersom investeringsrådgjeving er gitt ved fjernkommunikasjon.

Kunden tar på seg også å informere Banken dersom det skjer (vesentlege) endringar i opplysningar som tidlegare er gitt.

Kunden aksepterer at Banken har rett til å gjere egne undersøkingar for å kontrollere at

dei innhenta opplysningane er pålitelege. Banken har rett til å leggje opplysningane gitt av kunden til grunn for si vurdering av om tenesta eller det finansielle instrument er eigna eller føremålstenleg for kunden.

Kunden er vidare innforstått med at dersom Banken ikkje får tilstrekkelege opplysningar, vil Banken ikkje kunne avgjere om tenesta eller det finansielle instrumentet er eigna eller føremålstenleg for kunden. Ved investeringsrådgjeving eller aktiv forvaltning vil kunden då bli informert om at den aktuelle tenesta eller instrument ikkje kan ytast. I forhold til dei andre investeringstenestene vil kunden i slike tilfelle bli informert om at opplysningane gitt Banken ikkje er tilstrekkelege og at tenesta eller produktet då vert vurdert å ikkje vere føremålstenleg. Dersom kunden trass slik åtvaring likevel ynskjer tenesta eller det finansielle instrumentet, vil den likevel kunne bli gjennomført. Manglande eller ufullstendige opplysningar vil dermed kunne redusere den investorbeskyttelse kunden elles har rett på. Dersom kunden til tross for slik åtvaring framleis ønsker tenesta eller det finansielle instrumentet, vil oppdraget likevel kunne gjennomførast.

Kunden tar på seg å etterleve den lovgjeving og dei reglar og vilkår som til ei kvar tid gjeld for det enkelte handelsplass der handlane vert utført. Det same gjeld for oppgjør og clearing gjennom dei enkelte oppgjers- eller clearingsentralar.

Kunden går god for at eigen handel og oppgjør skjer i samsvar med og innanfor dei løyve og fullmakter som måtte gjelde for kunden sin handel i finansielle instrument. Kunden skal etter krav frå Banken dokumentere slike løyve og fullmakter.

---

<sup>4</sup> Common Reporting Standard, gjelder innenfor OECD

<sup>5</sup> Legal Entity Identifier

<sup>6</sup> Juridisk navn Verdipapirsentralen ASA (ofte forkortet VPS)

Dersom kunden er eit utanlandsk føretak, tek Banken atterhald om, for kunden si rekning, å krevje lagt fram for seg ein grunnlagt juridisk uttale om kunden sine løyve og fullmakter til å inngå den aktuelle handel.

Kunden skal gi Banken oversikt over den eller dei personane som kan gi ordre, handle eller inngå anna avtale knytt til finansielle instrument eller som har fullmakt til å akseptere handlar på vegner av kunden. Handel eller aksept frå desse er bindande for kunden, med mindre Banken ikkje var i god tru med omsyn til den enkelte person sine fullmakter. Kunden er ansvarleg for til ei kvar tid å halde Banken oppdatert med omsyn til kven som kan gi ordre eller akseptere handlar for kunden. Banken vil ikkje akseptere fullmakter som definerer rammer for den enkelte kunde sin handel, med mindre dette er på førehand skriftleg avtalt. Kunden tar på seg å sikre at dei midlar og finansielle instrument som det einskilde oppdrag omfattar er fri for hefte av eit kvart slag, som til dømes pant, sikkerheitsrett (tilbakehandsrett), arrest m.m. Det same vil gjelde der kunden handlar som fullmektig for en tredjemann.

Dersom Kunden ved ordre har oppgitt at midlane skal registrerast på ein VPS-konto som er tilknytt ein aksjesparekonto (ASK), er kunden bunden av handelen også i dei høve der vedkomande finansielle instrument ikkje er omfatta av aksjesparekontoordninga, og såleis ikkje lar seg registrere på den oppgitte aksjesparekonto.

## 7. RISIKO

Kunden er innforstått med at investeringar i og handel med finansielle instrument og andre liknande instrument er forbunde med risiko for tap. Den investerte kapital kan auke eller verte redusert i verdi. Verdien av dei finansielle instrumenta vil mellom anna avhenge av

svingingar i finansmarknadene, og verdien kan auke eller minke.

Historisk verdiutvikling og avkastning kan ikkje nyttast som påliteleg indikator på framtidig utvikling og avkastning på finansielle instrument. Finansielle instrument og andre liknande instrument kan ha ulik likviditetsgrad. For dei mest likvide finansielle instrumenta er det sannsynleg at ein kan omsette instrumentet utan særleg påverknad på kursen, medan det motsette kan vere tilfelle for mindre likvide finansielle instrument. For enkelte instrument kan omsetning vere krevjande å få gjennomført. For meir detaljert informasjon om eigenskapar knytte til dei ulike finansielle instrumenta og til den risiko som er knytt til handel med ulike finansielle instrument syner vi til informasjon på [www.ssf.no](http://www.ssf.no). Dette materialet vil bli oversendt til kunden før Banken leverer tenester til kunden dersom dette er nødvendig. Kunden må sjølv evaluere risikoen knytt til det aktuelle instrumentet og den aktuelle marknaden.

Kunden bør avstå frå å gjere investeringar i og handel med finansielle instrument og andre liknande instrument dersom kunden sjølv ikkje er aksepterer den risiko som er knytt til slik investering eller handel. Vi oppmodar kunden til å søke råd hjå Banken og andre relevante rådgjevarar og, etter behov, innhente utfyllande informasjon i marknaden før kunden tek si avgjerd.

Alle handlar som kunden gjennomfører etter at det er innhenta råd frå Banken skjer på kunden sitt eige ansvar og etter kunden sitt eige skjønn og avgjerd. Banken tek ikkje under noko omstende ansvar for rådgjevinga dersom kunden heilt eller delvis fråvik dei råd Banken har gitt. Banken garanterer ikkje for noko bestemt utfall av kunden sin handel.

## 8. ORDRE OG OPPDRAG-AVTALEINNGÅING

### 8.1. Ordre og aksept av ordre og avtaleinngåing<sup>1</sup>

Ordre frå kunden kan gis munnleg, skriftleg eller elektronisk. Det vil kunne gjelde avgrensingar for ordre via elektroniske kommunikasjonskanalar. Nærmare informasjon om dette kan kunden få ved å vende seg til Banken. Ordren er bindande for kunden når ordren har kome fram til Banken, med mindre anna er særskilt avtalt.

For handel i ikkje-standardiserte derivat (OTC), og handel i valuta- og renteinstrument, medrekna veksling av valuta, vil avtale om handel vere inngått med bindande verknad når vilkår for den aktuelle avtalen er akseptert av kunden.

Banken har ikkje plikt til å utføre ordrar eller inngå avtalar som Banken trur vil kunne medføre brot på offentlegrettslege lover eller reglar fastsett for den aktuelle marknadsplassen.

Kunden forpliktar seg å gi opplysningar til Banken dersom kunden gir ordre om sal av finansielle instrument som kunden ikkje eig (shortsal).

Kunden kan ikkje utan særleg avtale stå føre programhandel mot eller via Banken.

Ordre frå kunde som normalt handlar for framand rekning, dvs. for sin arbeidsgjevar eller annan fysisk eller juridisk person, vil bli avvist dersom kunden ved levering av ordren ikkje klart opplyser for kven si rekning ordren vert gitt. Dersom kunden samtidig gir ordre både for eiga rekning og for rekning av sin arbeidsgjevar eller annan fysisk eller juridisk person, vil Banken prioritere den oppdragsgjevaren representerer.

### 8.2. Oppdragsperiode for ordre

For ordre knytt til handel i finansielle instrument gjeld ordren oppdragsdagen eller til stenging av den regulerte marknadsplassen ordren er lagt inn på og fell deretter bort, med mindre anna er avtalt eller går fram av den aktuelle ordretypen eller ordrespesifikasjonen. For andre oppdrag vert lengda på oppdraget avtalt særskilt.

Oppdragsdag er den dag kunden sin ordre til Banken om å kjøpe eller selje finansielle instrument gjennom eller til/frå eit anna føretak har kome fram til Banken. I dei tilfelle Banken initierer ein handel, vert oppdragsdag rekna for å vere den dag Banken tek kontakt med kunden og får aksept for oppdraget vedkommande kjøp eller sal av det aktuelle finansielle instrumentet. Ordren kan kallast tilbake i den grad det ikkje er utført av Banken. Dersom Banken som ledd i utføring har vidareplassert ordren heilt eller delvis til andre, kan tilbaketrekking av ordre berre gjerast gjeldande så langt Banken kan få tilbakekalla den vidareplasserte ordren.

### 8.3. Retningslinjer for utføring av ordre

Banken pliktar til å gjennomføre alle tiltak som er tilstrekkeleg til å sikre kunden best moglege vilkår ved gjennomføring av motteken ordre så lenge oppdraget varer. Banken har utarbeidd retningslinjer for gjennomføring av ordre, som mellom anna regulerer i kva handelssystem transaksjonar i ulike finansielle instrument kan gjennomførast. Handlar vil bli gjennomført i samsvar med desse retningslinjene, med mindre kunden har gitt spesifikke instruksjonar om korleis handelen skal gjennomførast. Ordren vil i så tilfelle verte utført i samsvar med slik instruksjon. Banken har rett til å aggregere kunden sin ordre med ordre frå andre kundar, personar eller føretak som er eller ikkje er tilknytte Banken i samsvar med retningslinjene for ordreføring. Aggregering av ordre vil kunne gjennomførast dersom det er usannsynleg at aggregering generelt vil vere til ulempe for kunden. Kunden aksepterer



at aggregering av ordre i einskildtilfelle kan medføre ei ulempe.

Banken har også rett til å aggregere kunden sin ordre med transaksjonar gjort for Banken si eiga rekning. Dersom heile ordren berre delvis vert utført vil kunden sin ordre i utgangspunktet verte prioritert framfor Banken sin ordre.

Unntak for dette gjeld dersom Banken ikkje hadde kunna utføre handelen på tilsvarende fordelaktige vilkår utan aggregering. Dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjer for utføring av ordre vil bli vurderte som godkjende av kunden ved inngåing av kundeavtale. Kunden har i denne avtalen uttrykkeleg gitt samtykke i at Banken kan handle finansielle instrument for kunden utanom ein marknadsplass.

#### **8.4. Nærmare om særskilde handelsreglar**

For handel med finansielle instrument på handelsplassar gjeld handelsreglane på handelsplassen også i forholdet mellom kunden og Banken så langt dei passar. Dette regelverket gjeld normalt registrering av ordre og handlar i handelssystemet på handelsplassen, medrekna kva ordrevilkår som generelt kan nyttast og dei nærmare reglar for prioritering og gyldigheit m.m.

#### **8.5. Kansellering av ordre og omsetning**

I samsvar med aktuelle handelsreglar på handelsplassen vil den einskilde handelsplass på nærmare vilkår kunne kansellere ordre og omsetningar. Slik sletting vil vere bindande for kunden.

## **9. LEVERING OG BETALING (OPPGJER) AV FINANSIELLE INSTRUMENT I NORGE**

### **9.1. Omsettelege verdipapir, verdipapirfondandelar, standardiserte finansielle terminkontraktar, opsjonar og sertifikat**

For handel i Noreg av omsettelege verdipapir på regulert marknad, verdipapirfondandelar,

standardiserte finansielle terminkontraktar og opsjonar på kjøp eller sal av finansielle instrument registrert i Euronext Securities Oslo (ES-OS) og sertifikat, er den ordinære oppgjersfristen tre børsdagar (T+2), med mindre anna er avtalt. Børsdag er i denne avtalen definert som ein kvar dag norsk børs held opent.

Oppgjersfrist vert rekna frå og med handelsdag til og med oppgjersdag.

Det er ein føresetnad for oppgjær at kunden stiller til disposisjon for Banken nødvendige midlar og finansielle instrument på eller før oppgjersdagen. Med mindre anna særskilt er avtalt har Banken løyve og fullmakt til, i samsvar med den einskilde handel eller transaksjon, å belaste kunden sin bankkonto eller til å be om belastning av kunden sin bankkonto, dersom ikkje den aktuelle banken krev at særskild skriftleg belastningsfullmakt skal være gitt av kunden.

Kunden har betalt kjøpesummen til Banken når denne er godskrive på Banken sin bankkonto med valuterung seinast på oppgjersdagen.

ES-OS-registrerte finansielle instrument er å sjå som levert av kunden til verdipapirføretaket som står for oppgjæret, når dei finansielle instrumenta er mottatt på ein av Banken sine verdipapirkontoar i ES-OS eller på ein annan verdipapirkonto i ES-OS oppgitt av Banken.

Kunden plikter innan oppgjersfristen å levere dei selde finansielle instrumenta til Banken eller frigi dei selde finansielle instrumenta på sin verdipapirkonto i ES-OS eller anna tilsvarende register. Levering av ordre om sal av finansielle instrument eller aksept av eit salstilbod medfører, med mindre anna er skriftleg avtalt, at Banken er gitt fullmakt til å be kunden sin kontoførar om å frigi dei aktuelle finansielle instrumenta. Levering av fysiske finansielle instrument skal skje i samsvar med særskilt avtale med Banken.



For finansielle instrument som anten er tatt opp til clearing i en CCP<sup>7</sup>, eller er registrert i ein CSD<sup>8</sup>, eller notert på ein marknadsplass vil det automatisk verte gjort dekningskjøp dersom det finansielle instrumentet ikkje er levert seinast ein viss tal dagar etter oppgjersfristen. Normalt vil dette vere fire dagar etter oppgjersfristen. Denne fristen kan forlengast til sju dagar for instrument som vert handla på mindre likvide marknadsplassar og til femten dagar for finansielle instrument notert på ein SMB børs.

Den einskilde CCP, CSD eller marknadsplass har eigne reglar godkjende av myndigheitene om dekningskjøp som er fastsette i samsvar med lovgiving om verdipapirsentralar og oppgjersverksemd.

Dekningskjøp vert gjort av CCP dersom instrumentet cleares av CCP.

Marknadsplassen startar dekningskjøp dersom instrumentet vert handla på marknadsplassen og ikkje vert cleara av CCP. Der instrumentet korkje vert cleara av CCP eller handla på marknadsplass startar dekningskjøp av CSD. Mislukkast dette dekningskjøpet har den kjøpande part rett til å velje mellom utsetjing av levering eller kontantkompensasjon.

Ved forseinka levering gjeld eit lovbestemd sanksjonssystem. CCP'en, CSD'en eller marknadsplassen vil krevje avgift eller skrive ut bot til den seljande parten som følge av misleghaldet, uavhengig av om dekningskjøpet vert gjennomført eller ikkje. Storleiken på avgifta/bota er standardisert og uavhengig av seljar si skuld (objektivt ansvar). Storleiken er standardisert i samsvar til gjeldande rettsreglar.

---

<sup>7</sup> En CCP (Central Counterparty) er en aktør i verdipapirmarkedet som trer inn som sentral avtalemotpart i en verdipapirhandel, og forestår oppgjøret av verdipapirer og penger mellom de to opprinnelige partene (kjøper og selger). CCP'en trer

## 9.2. Valuta (spot)

For handel med valuta (spot) er den ordinære oppgjersfrist tre bankdagar (T+2) (handelsdag inkludert), med mindre anna er avtalt. Bankdag vert i denne avtalen definert som dag bankar i den aktuelle marknaden held ope.

Oppgjersfrist vert rekna frå og med handelsdag til og med oppgjersdag.

## 9.3. Andre finansielle instrument

For andre finansielle instrument gjeld særlege oppgjersfristar og oppgjersreglar. Desse oppgjersreglane og oppgjersfristane vil gå fram av dei særskilde avtalane. For handel i ikkje-standardiserte derivat (OTC), og handel i valuta- og renteinstrument, medrekna veksling av valuta, vil oppgjersfristar og oppgjersregler kunne avtalast når avtalen vert inngått. I slike tilfelle vil oppgjersfristar og oppgjersreglar gå fram av stadfestinga som vert sendt til kunden etter at avtale er inngått.

## 10. RAPPORTERING OM UTFØRTE TENESTER – STADFESTING AV AVTALAR OG UTFØRTE OPPDRAG

Banken vil ved sluttsetel/stadfesting eller på annan måte straks rapportere til kunden om dei tenester som er utført og avtalar som er inngått. I den grad det er relevant vil sluttsetel/stadfesting omfatte opplysningar om kostnader i samband med den handel som er gjennomført for kunden. Utover dette vil sluttsetel/ stadfesting innehalde informasjon i samsvar med den til ein kvar tid gjeldande rett.

Stadfesting som skal underteiknast av kunden, skal kunden underteikne straks etter mottak og deretter sende stadfestinga i retur til Banken, i

inn som kjøper mot selger og som selger mot kjøper i det øyeblikket handel finner sted.

<sup>8</sup> Central securities depository, tilsvarer Euronext Securities Oslo i Norge

samsvar med det som er oppgitt i stadfestinga eller på annan måte avtalt med kunden.

Banken tek atterhald om å korrigere openberre feil i sluttsetel, stadfesting osv. Korrigeringa skal gjerast straks feilen vert oppdaga.

Levering av finansielle instrument registrerte i ES-OS kan stadfestast ved endringsmelding frå ES-OS i den grad kunden har avtalt med kontoførar å ta i mot slik stadfesting.

## 11. ANGRERETT

Ved fjernsal<sup>9</sup> av tenester til forbrukar<sup>10</sup> har kundar som er forbrukar angrerett på 14 dagar etter avtale om teneste vart inngått. Angreretten gjeld ikkje for handlar i finansielle instrument som vert regulert av desse forretningsvilkåra<sup>11</sup>.

Ved oppretting av verdipapirkonto i ES-OSL, lyt eventuelle behaldningar vere overført til annan verdipapirkonto for at Kunden skal kunne nytte seg av angreretten.

## 12. UNDERSØKINGSPLIKT OG TAPSAVGRENINGSPLIKT

Kunden skal straks etter mottak av sluttsetel eller anna stadfesting kontrollere denne. Om Kunden avdekker eller burde ha avdekket avvik som potensielt kan påføre Kunden eit tap, pliktar Kunden straks å melde dette til Føretaket, og gje Føretaket tilgang til å rette avviket. Kunden har oppfylt si lovpålagde tapsavgreningsplikt ved slik melding til Føretaket seinast innan første børsdag/

---

<sup>9</sup> Med fjernsalg menes avtaler som inngås ved organisert ordning for salg eller tjenesteyting uten at tjenesteyteren og kunden er fysisk til stede samtidig, og der inngåelse av avtale skjer utelukkende ved bruk av fjernkommunikasjonsmidler

<sup>10</sup> Med *forbruker* menes en fysisk person når avtalen har et formål som hovedsakelig ligger

bankdag etter å ha mottatt sluttsetel/ anna stadfesting.

Dersom Kunden ikkje har mottatt sluttsetel eller stadfesting innan utgang av første børsdag/ bankdag etter at avtale er inngått eller etter oppdragsperiodens utløp, lyt Kunden så raskt som mogleg og seinast innan utgangen av andre børsdag/bankdag etter at avtale er inngått eller etter oppdragsperiodens utløp, gje melding om dette til Føretaket<sup>12</sup>.

Tap som oppstår som følgje av manglande etterleving av plikt til undersøking og plikt til avgrensing av tap kan ikkje krevjast erstatta. Elles gjelder avgjerd om ansvar punkt 21.

## 13. REKLAMASJON MELLOM BANKEN OG KUNDEN

Kunden skal straks etter mottak av sluttsetel eller anna stadfesting kontrollere denne, og skal så snart som mogleg etter mottak og seinast innan utgangen av neste børsdag/ bankdag - dersom kunden ikkje kunne reklamere til Banken innan normal kontortid på dagen for mottak - melde frå til den aktuelle eining i Banken dersom han vil gjere gjeldande at noko av det som kjem fram av sluttsetelen/ stadfestinga er i strid med ordren, oppdraget eller den inngåtte handelen. Dersom kunden ikkje reklamerer som skildra over, vil kunden kunne bli bunden av slik sluttsetel/stadfesting sjølv om denne ikkje er i samsvar med inngått avtale/ vilkår for handelen. Kunde som er forbrukar lyt reklamere innan to månadar frå tidspunktet avvik vart oppdaga og gitt melding til Føretaket i samsvar med punkt 12. Reklamasjonsfristen for forbrukar frittek ikkje

utenfor personens forretnings- eller yrkesvirksomhet

<sup>11</sup> Se finansavtaleloven § 3-41 (2) litra a)

<sup>12</sup> Foretaket inntar selv utvidede frister dersom Foretaket tilbyr Kundene å motta sluttseddel per post

forbrukar frå undersøkingsplikt og tapsavgrensingsplikt, sjå under punkt 12.

Dersom levering til kunden av finansielle instrument registrert i ES-OSL ikkje er skjedd på oppgjersdagen og kunden har stilt dei nødvendige midlar til disposisjon for Banken, må kunden straks kontakte Banken og eventuelt erklære heving overfor Banken dersom kunden vil gjere forseinkinga gjeldande som grunnlag for å heve avtalen. Ei hevingsfråsegn vil ikkje få nokon verknad dersom kunden mottok oppfylling innan dei fristar som er fastsette for dekningskjøp av den relevante CCP, CSD eller ES-OSL. Kunden har i denne perioden ikkje rett til å inngå dekningsavtale for Banken si rekning og risiko.

Omgrepet "straks" i det føregåande ledd betyr same dag eller – dersom kunden ikkje kunne reklamere eller fremje motsegner til føretaket innan utløpet av normal kontortid – seinast innan utgangen av neste børsdag. Fristen vert rekna frå det tidlegaste av:

- det tidspunkt kunden fekk eller burde fått kunnskap om at levering ikkje er skjedd ved innsyn på verdipapirkonto i ES-OSL, ved hjelp av elektronisk stadfestingssystem, ved melding frå forvaltar eller på annan måte; eller
- det tidspunkt endringsmelding frå ES-OSL kom fram til eller i samsvar med tida for ordinær postgang burde ha kome fram til den adressa kunden har oppgitt.

Kunden skal kontrollere at betaling til Kunden er skjedd på det tidspunkt som er fastsett i avtalen.

Dersom betaling til kunden ikkje er skjedd til den tid som er fastsett i avtalen og kunden har levert dei aktuelle finansielle instrument eller stilt desse til disposisjon for Banken, må kunden straks han har konstatert eller burde

ha konstatert at oppgjer ikkje er motteke, kontakte Banken. Kunden kan berre nytte forseinking som grunnlag for å fremme krav om forseinkingsrente.

Ved handel med finansielle instrument gjennom Banken gjeld dei alminnelege reglane om gyldige avtalar tilsvarande i forholdet mellom kjøpar og seljar. Dersom kunden vil gjere gjeldande at ein avtale ikkje er bindande fordi den er ugyldig, må kunden sette fram motsegn om dette straks etter at kunden fekk kunnskap om eller burde fått kunnskap om dei forhold som vert gjort gjeldande som grunnlag for at avtalen er ugyldig. I alle tilfelle må motsegna vere sett fram innan 6 månader etter at avtalen er inngått. Verknaden av ei slik motsegn i forhold til Banken følger av dei allmenne reglar om ugyldige avtalar.

Munnleg reklamasjon eller motsegn skal straks stadfestast skriftleg.

Dellevering til kunden gir ikkje kunden rett til å heve avtalen, med mindre kunden har teke uttrykkeleg atterhald om full levering.

For avtalar om handel med valuta (valutaspot), skal reklamasjonsfristane reknast ut frå bankdagar og ikkje børsdagar.

Dersom kunden ikkje har reklamert innanfor den ovannemnde fristar, har reklamasjonsretten falle bort.

Dersom Banken er Kontoførar Investor i ES-OSL for kunden, skal kunden straks gi melding til Banken vedkomande feil i registreringa på verdipapirkontoen. Dersom slik melding ikkje er motteken av Banken innan utgangen av etterfølgjande børsdag etter at kunden mottok endringsmelding frå ES-OSL, skal det leggest til grunn at kunden har akseptert Banken si registrering.

## 14. MISLEGHALD

Kunden har misleghalde sine plikter etter Forretningsvilkåra mellom anna når kunden:

- 1) ikkje leverer dei avtalte finansielle instrumenta eller ikkje betalar avtalt beløp innan oppgjerfristen eller ikkje oppfyller ei kvar annan vesentleg plikt etter Forretningsvilkåra,
- 2) inngår særskilt avtale med sine kreditorar om betalingsutsetjing, blir insolvent, innleier gjeldsforhandlingar av ein kvar art, innstiller sine betalingar eller vert teken under konkurshandsaming eller offentleg administrasjon,
- 3) avviklar verksemda si eller vesentlege deler av denne

Ved misleghald har Banken rett til, men ikkje plikt til å:

- 1) hevde alle uoppgjorde handlar som misleghaldne og å kansellere og avslutte ikkje-utførte oppdrag og ordrar,
- 2) gjere sin rett til sikring gjeldande. Banken har tilbakehaldsrett i dei finansielle instrument som Banken har kjøpt for kunden, dersom kunden ikkje har betalt kjøpesummen innan tre (3) dagar etter oppgjerfristen, kan Banken, med mindre anna er skriftleg avtalt, og utan ytterlegare varsel, selje dei finansielle instrumenta for kunden si rekning og risiko til dekning av Banken sitt krav. Slikt sal skal normalt skje til børskurs eller ein kurs som etter marknadsforholda er rimeleg. Om dei aktuelle finansielle instrumenta er overførte til kunden sin verdipapirkonto i ES-OS eller anna tilsvarande register for finansielle instrument har berre den ved aksept av desse forretningsvilkåra frigitt dei finansielle instrumenta og gitt fullmakt til

slik frigiving for gjennomføring av dekningsallet,

- 3) realisere andre aktiva enn dei som er omfatta av punkt 2 ovanfor, og kunden har ved aksept av desse forretningsvilkåra samtykt i slikt tvangssal gjennom uavhengig meklar,
- 4) stenge alle posisjonar som det skal stillast trygd for og/eller er gjenstand for marginberekning,
- 5) motrekne Banken sitt tilgodehavande mot kunden frå andre finansielle instrument og / eller tenester her under krav på kurtasje, utlegg for skattar og avgifter, krav på renter m.m. og utgifter eller tap som følgje av kunden sitt misleghald av ein eller fleire plikter overfor Banken, mot eitkvart tilgodehavande kunden har mot Banken på misleghaldstidspunktet - anten krava er i same eller ulik valuta. Krav i utanlandsk valuta vert omrekna til NOK etter marknadskurs på misleghaldstidspunktet,
- 6) gjennomføre, for kunden si rekning og risiko, det Banken finn nødvendig for dekning eller reduksjon av tap eller ansvar, som følgje av avtalar inngått for eller på vegner av kunden, her medrekna reversering av transaksjonar,
- 7) straks gjere dekningskjøp eller innlån av finansielle instrument for kunden si rekning og risiko for å oppfylle si leveringsplikt overfor motpart, dersom kunden ikkje leverer avtalt yting eller beløp, medrekna ikkje leverer dei finansielle instrument på avtalt tidspunkt til Banken. Dersom dekningskjøp ikkje vert gjennomført av Banken vil dekningskjøp verte sett i verk etter rettsreglar fastsette i lovgivinga for CCP'ar, CSD'ar eller regulert marknadsplass.

Tilsvarande kan Banken utføre dei handlingar Banken finn nødvendige for å redusere det tap eller ansvar som følgjer av kunden sitt misleghald av avtale inngått med Banken, inkludert utføre handlingar for å redusere risiko for tap knytt til endringar valutakursar, renter og andre kursar eller prisar som kunden sin handel er knytt til. Kunden pliktar å erstatte Banken sitt eventuelle tap med tillegg av forseinkingsrente og eventuelle gebyr,

- 8) få dekket alle kostnader og tap Banken er blitt påført som følgjer av kunden sitt misleghald, medrekna, men ikkje avgrensa til, avgift eller bot tilkomne av den relevante CCP, CSD eller marknadsplass, kostnader påkomne ved gjennomføring av dekningskjøp eller innlån av finansielle instrument, kurstap ved dekningshandel og reverseringsforretningar, tap som følgjer av endringar i valutakursar, renter og andre forseinkingsgebyr.

Ved transaksjonar som følgjer av kunden sitt misleghald eller venta (antesipert) misleghald ber kunden risikoen for kurs- eller marknadsendringar fram til transaksjonen er gjennomført.

Dessutan gjeld kjøpslova sine reglar om venta (antesipert) misleghald, medrekna heving ved slikt misleghald.

## 15. RENTER VED MISLEGHALD

Ved Banken eller kunden sitt misleghald må den misleghaldande part betale rente tilsvarande den til ei kvar tid gjeldande forseinkingsrente med mindre anna er særskilt avtalt.

## 16. HANDEL I UTLANDET OG OPPBEVARING AV KUNDANE SINE AKTIVA

For utanlandske finansielle instrumenter gjeld dei handelsreglar, leveringsvilkår, oppgjersvilkår og reklamasjonsreglar som er fastsette i det land eller av den marknadsplass der dei finansielle instrumenter er kjøpte eller selde. Det vert elles vist til den særskilde avtale som skal inngåast for denne type handel.

Dersom finansielle instrument eller kundemidlar vert oppbevarte i ein annan jurisdiksjon i samband med yting av investeringstenester eller tilknytte tenester, vil Banken informere kunden om dette. Kunden aksepterer at eigne rettar til slike aktiva kan avvike frå det som er gjeld i Noreg. Kunden aksepterer også at oppgjer og sikkerheitsstilling i utanlandske marknader kan medføre at kunden sine aktiva, som er stilte til rådvelde for oppgjer eller sikkerheitsstilling, ikkje vert halde fråskilt frå midlar tilhøyrande det eller dei utanlandske verdipapirforetak og / eller oppgjersrepresentantar som Banken nyttar. Kunden aksepterer at han sjølv har risikoen for eigne aktiva overført til utanlandske bankar, verdipapirforetak, oppgjersagentar, oppgjerssentralar og liknande i form av oppgjer eller sikkerheitsstilling, og at Banken sitt ansvar overfor kunden for slike aktiva er avgrensa i samsvar med lover og reglar i det aktuelle landet eller på den aktuelle marknaden.

Banken tek uansett ikkje på seg noko ansvar utover det som vil følgjer av norsk rett, sjå punkt 20, med mindre anna er avtalt med kunden.

## 17. GODTGJERSLE

Banken si godtgjersle i form av kurtasje, kursdifferanse eller anna, eventuelt med tillegg av avgifter knytte til handel og clearing m.m., vert fastsett i individuell avtale.

Kurtasje er ein provisjon (godtgjersle) som vert lagt til eller trekt frå verdien av dei finansielle instrument som kunden kjøper eller sel. Kurtasje vert normalt oppgitt som ein prosentsats. Inntil eit bestemt investeringsbeløp, betaler kunden ein bestemt minimumskurtasje. Alternativt kan godtgjering verte berekna som ein kursdifferanse, dvs. eit påslag på kjøparkurs eller eit frådrag i salskurs. For derivat og samansette finansielle instrument vil det normalt vere andre kostnadselement for kunden.

Kunden vil før gjennomføring av ei teneste ta i mot nærare informasjon om betalingsvilkår og dei totale kostnader kunden skal betale for det enkelte finansielle instrument, investeringstenesta eller tilknytt teneste. Provisjonar, gebyr og alle skattar og avgifter som kunden skal betale via Banken skal gå fram av informasjonen. Om det ikkje er mogleg å opplyse om presise kostnader, skal grunnlaget for berekninga opplyst. I tillegg skal Banken opplyse om det kan førekome andre avgifter og/eller kostnader som ikkje vert betalte eller blir pålagde gjennom Banken.

For nærmare informasjon om Banken si godtgjersle, sjå Banken si heimeside.

Banken tek atterhald om å ha rett til å gjere frådrag i kunden sitt tilgodehavande for kostnader som nemnt i første ledd, og for eventuelle skattar, omsetningsavgifter o.l.

---

<sup>13</sup> Juridisk namn Verdipapirsentralen ASA (ofte forkorta VPS)

<sup>14</sup> Kontofører Investor har til oppgåve å opprette verdipapirkonto for kunden, foreta konto til konto transaksjonar, registrere avgrensa rettigheter samt

For dei tilfelle der handel ikkje kjem i stand, vil Banken ikkje krevje godtgjersle med mindre anna er særskilt avtalt.

## 18. KONTOFØRING I EURONEXT SECURITIES OSLO<sup>13</sup> (ES-OSL) OG DEPOT

Med mindre det vert inngått annan avtale, gjeld det som er fastsett nedanfor for kontoføring i VPS og oppbevaring/forvaltning i depot.

I dei tilfelle der Banken skal opptre som kunden sin Kontofører Investor<sup>14</sup> i ES-OSL, har Banken fullmakt til å gjere dei registreringar på verdipapirkontoen<sup>15</sup> som er omfatta av kunden sine instruksjonar, medrekna overføre frå verdipapirkontoen omsettelege verdipapir som er omfatta av ordrar gitt til Banken om sal. Kunden aksepterer at kjøpte eller teikna omsettelege verdipapir vert registrerte på den aktuelle verdipapirkontoen, dersom ingen annan konto er oppgitt i ordren. Banken har innsynsrett i kunden si behaldning på verdipapirkontoen.

Kunden er innforstått med at ES-OSL kan kontrollere opplysningar registrert på verdipapirkonto mot sentrale offentlege ID- og einingsregister og oppdatere verdipapirkontoar med slike opplysningar, samt at ES-OSL ikkje kan holdast ansvarleg for følgjene av manglande oppdatering av namneopplysningar.

Kunden er inneforstått med at ES-OSL kan gje informasjon om kundens bankkonto i verdipapirregisteret vidare til utsendar eller den sin kontofører dersom dette er naudsynt for å gjennomføre utbetaling eller utsending av stadfesting for utbetaling i samband med oppgjer.

ajourføre kontoopplysningar og disposisjonsrettar på verdipapirkontoen.

<sup>15</sup> Der verdipapirkonto omtalast vil dette kunne omfatte både Enkeltkonto og Forvaltarkonto som omtalt i ES-OSL regelverket.



ES-OSL skal sende Kunden Endringsmelding ved opning av verdipapirkonto, og deretter ved ein kvar endring i registeret som kan ha betydning for Kunden rettigheter. Om Kunden ikkje ønsker å ta i mot Endringsmeldingar lyt Kunden melde Føretaket om dette skriftleg. Føretaket har rett til å belast Kunden for gebyr for føring av verdipapirkonto etter Føretakets til ein kvar tid gjeldande prislister, publisert på Føretakets heimeside.

Føretaket skal på førespurnad frå Kunden sørge for avslutning av verdipapirkonto. Om det er behaldning på verdipapirkontoen kan kontoen ikkje avsluttast før Kunden har angitt ein annan verdipapirkonto som instrumenta lovleg kan førast inn på og dette er gjort.

Føretaket kan av eige tiltak avslutte ein verdipapirkonto etter varsel til Kunde om det ikkje har vore registrert behaldning på kontoen dei siste 6 månadar.

Kunde som innehar Forvalterkonto skal straks varsle Føretaket dersom Kunden blir fråtatt eller tilbakeleverer løyvet sitt til å opptre som forvaltar eller på anna måte ikkje oppfyller krava til å vere forvaltar etter lovgjevnaden<sup>16</sup>.

Kunden aksepterer vidare at Banken sine registreringar på verdipapirkontoen skjer i samsvar med dei reglar som går fram av lovgjevnaden for Verdipapirsentralen<sup>17</sup> og ES-OSL sitt eige regelverk, samt anna relevant lovgjevnad og føreskrifter.

## **19. FULLMEKTIGAR (MELLOMMENN), FORVALTARAR OG OPPGJERSAGENTAR**

Dersom kunden leverer ordre eller oppdrag som fullmektig, forvaltar, oppgjersagent eller liknande for tredjemann, er kunden og den han opptre på vegner av eller for, bunden av

Forretningsvilkåra. Kunden er solidarisk ansvarleg overfor Banken for denne tredjemann sine plikter i det omfang pliktene er eit resultat av kunden sin ordre eller oppdrag.

Dersom kunden nyttar forvaltar, oppgjersbank eller andre mellommenn må dette regulerast i særskilt avtale. Bruk av slike mellommenn frittek ikkje sluttkunden for ansvar etter Forretningsvilkåra.

## **20. OPPBEVARING AV KUNDEAKTIVA - KLIENTKONTI**

Banken vil sikre at kunden sine aktiva vert halde skilt frå Banken sine eigne aktiva og så langt mogleg verna mot Banken sine andre kreditorar. Kunden vil verte godskriven renter på sine pengemidlar etter Banken sine allmenne vilkår.

Ved feilutbetaling frå Føretaket til Kunden, har Føretaket rett til å belaste Kundens konto hos Føretaket med dei feilutbetalte beløp. Midlar som Banken oppbevarer på vegner av kunden vil bli sett inn på Banken sin klientkonto i ein kredittinstitusjon eller godkjent pengemarknadsfond etter skriftleg samtykke frå kunden. Denne konto kan være samlekonto for midlar Banken oppbevarer på vegner av fleire kundar. Dersom kredittinstitusjonen går konkurs, vil kontoen være dekket av reglane om bankane sitt sikringsfond. For innskot i kredittinstitusjonar som er medlem av den norske sikringsfondsordninga, vil ein samla kundekonto verte erstatta med eit beløp på inntil kroner 2.000.000. Kunden sin dekningsrett vil i slike tilfelle verte tilsvarande redusert. Dersom innskot skjer i en kredittinstitusjon som ikkje er medlem av den norske sikringsfondsordninga, vil dekninga gå fram av reglane for sikringsordninga i det landet kredittinstitusjonen er medlem. Også i

<sup>16</sup> Verdipapirsentralloven, allmennaksjeloven og verdipapirfondforskriften

<sup>17</sup> Verdipapirsentralloven



dette tilfellet vil dekningsretten kunne bli redusert.

Kunden sine finansielle instrumenter vil, dersom disse er registrerte i ES-OS eller liknande verdipapirregister, verte overførte til kunden sin konto i dette register. Dersom det finansielle instrumentet ikkje er registrert, vil det verte oppbevart i depot hjå bank eller anna depositar. Dersom register, bank eller annan depositar går konkurs vil kunden sine finansielle instrument normalt være verna ved separatistrett.

Banken tek ikkje på seg noko ansvar overfor kunden for dei aktiva som er overførte til kundekontoar hjå tredjepart (her under samlekontoar), under føresetnad av at slik tredjepart er vald i samsvar med gjeldande rett og Banken elles har oppfylt allmenne krav til aktsemd. Dette vil også gjelde dersom tredjepart blir insolvent eller går konkurs.

Dersom informasjon ikkje er gitt på annan måte, vil Banken minst ein gang årleg sende kunden ei oversikt over dei aktiva Banken oppbevarer på vegner av kunden. Dette gjelder ikkje dersom slik informasjonen er inntekte i andre periodiske oversikter<sup>18</sup>. Banken kan ikkje bruke finansielle instrumenter som Banken oppbevarer på kunden sine vegner med mindre anna er særskilt avtalt.

## 21. ANSVAR OG ANSVARFRITAK

Banken er ansvarleg overfor kunden for gjennomføring av kjøp eller sal Banken har gjort på vegner av eller med kunden. Dette gjeld likevel ikkje dersom kunden på førehand har godkjent den andre part som motpart i handelen.

Banken tek ikkje på seg noko ansvar for oppgjær dersom kunden ikkje stiller dei avtalte

midlar og/eller finansielle instrument til disposisjon for Banken på eller før oppgjersdagen. Banken er heller ikkje ansvarleg dersom ei ueigna eller ikkje-føremålstenleg teneste vert ytt som følgje av at kunden har gitt Banken ufullstendige eller urette opplysningar, jf. punkt 5.

Banken tek ikkje på seg noko ansvar for indirekte skade eller tap av noko art som vert påført kunden som følgje av kunden sin(e) avtale(r) med tredjemann heilt eller delvis fell vekk eller ikkje vert rett oppfylt.

Banken eller dei tilsette i Banken er ikkje ansvarleg for tap som kunden er påført, så lenge Banken eller dei tilsette i Banken ved rådgjeving eller gjennomføring av ordre eller oppdrag har oppfylt alminnelege krav til aktsemd. I dei tilfelle der Banken har nytta kredittinstitusjonar, verdipapirforetak, oppgjerssentralar, forvaltarar eller andre tilsvarande norske eller utanlandske medhjelparar, vil Banken eller Banken sine tilsette berre vere ansvarlege for desse medhjelparane sine handlingar eller manglande handlingar dersom Banken ikkje har vist vanleg aktsemd ved val av sine medhjelparar. Dersom dei tilsette som nemnt i førre punktum er nytta etter ordre eller krav frå kunden tar Banken ikkje ta på seg noko ansvar for feil eller misleghald frå desse.

Banken er i alle tilfelle ikkje ansvarleg for skade eller tap som skuldast omstende utanfor Banken sin kontroll, medrekna straumbrot, feil eller brot i elektronisk datahandsamingsssystem eller telenett osv., brann, vasskade, streik, lovending eller pålegg frå styresmaktene eller liknande høve.

Når handel er utført på norsk eller utanlandsk regulert marknad etter ordre eller krav frå kunden, vil Banken ikkje vere ansvarleg for feil eller misleghald gjort av denne regulerte

---

<sup>18</sup> Gjeld ikkje kredittinstitusjon.

marknad eller eventuell tilknytt oppgjerssentral. Kunden aksepterer at den enkelte regulerte marknadsplass eller den oppgjerssentral kan ha fastsett egne reglar for regulering av ansvaret sitt overfor medlemmar av den marknadsplassen eller oppgjerssentralen, kundar m.m. med større eller mindre grad av ansvarsfråskrivning.

Banken er ikkje ansvarleg for forseinking eller anna manglande oppfyljing av avtale som skuldast at penge- eller verdipapiroppgjæret er suspendert eller er avslutta som følgje av forhold utanfor Banken sin kontroll.

Omfanget av Føretakets ansvar for økonomiske tap i samband med verksemda som nemnd i punkt 18 er regulert av Verdipapirsentrallova. Føretaket tar på seg ingen ansvar for feil gjort av ES-OSL eller tap som har oppstått som følgje av forhold hos ES-OSL.

Avgrensingar i Banken sitt ansvar utover det som er angitt over, kan følgje av særskilt avtale med kunden.

Dersom regelverk eller offentleg styremakter pålegg kunden å vere registrert med Legal Entity Identifier (LEI) er det kunden sitt ansvar å skaffe og oppretthalde denne. Kunden skal holde Banken skadelaus for eventuelle tap, krav eller kostnader som Banken vert påført som følgje av plikta til å skaffe og oppretthalde LEI ikkje vert etterlevd.

## **22. TILBAKEHALD AV SKATTAR MED VIDARE**

Ved handel i utanlandske marknader kan Banken, i samsvar med lov, forskrift eller skatteavtale vere pålagd å halde tilbake beløp tilsvarande ulike former for skattar eller avgifter. Det same kan gjelde for handel i Noreg på vegner av utanlandske kundar.

I slike tilfelle kan Banken gjere ei førebels berekning av det aktuelle beløp og halde dette beløpet tilbake. Når endeleg berekning ligg føre frå kompetent styremakt, skal eventuell for mykje tilbakehalden skatt utbetalast til kunden så snart som mogleg. Kunden pliktar å skaffe den nødvendige dokumentasjon for dette og for at dokumentasjonen er korrekt.

## **23. AVSLUTNING AV FORRETNINGSFORHOLDET**

Handlar eller transaksjonar som ligg til oppgjæ ved avslutning av forretningsforholdet skal avsluttast og gjennomførast så snart som mogleg. Ved avslutning av forretningsforholdet skal Banken gjennomføre eit sluttoppgjæ, der Banken har rett til å motrekne sitt tilgodehavande inkludert kurtasje, skattar, avgifter, renter osv. i kunden sitt tilgodehavande.

## **24. TRYGD**

Banken er medlem av Verdipapirføretaka sitt sikringsfond i samsvar med gjeldande lovgjeving. Sikringsfondet skal dekke krav som er oppstått som følgje av manglande evne hos medlemmane i fondet til å betale tilbake pengar eller levere tilbake finansielle instrument som vert oppbevarte, administrerte eller forvalta av medlemmen på kunden sine vegner, i samband med investerings- og/eller visse tilleggstenester. Dekning av fondet er avgrensa til kr 200.000 per kunde.

Fondet dekker ikkje krav som stammar frå transaksjonar omfatta av rettskraftig straffedom om kvitvasking av pengar eller frå kundar som har ansvar for eller har hatt fordel av forhold som vedkjem Banken, når slike forhold har ført til Banken sine økonomiske vanskar, eller har medverka til ei forverring av Banken sin økonomiske situasjon. Trygda dekker heller ikkje krav frå finansinstitusjonar,

kredittinstitusjonar, forsikringsselskap verdipapirføretak, verdipapirfond og andre føretak for kollektiv forvaltning, pensjonskasser og pensjonsfond, eller krav frå eventuelle konsernselskap til Banken.

## 25. TILTAK MOT KVITVASKING AV PENGAR

Banken er underlagt lov om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering (kvitvaskingslova) med tilhøyrande føreskrift. Lovas formål er å førebygge og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering og banken er etter Lova pålagt ein del plikter. Banken er pliktig å utføre kundetiltak ved oppretting av kundeforholdet og foreta kontinuerleg oppfølging av Kunden undervegs i kundeforholdet. Som ledd i utføring av kundetiltak lyt banken innhente og stadfeste opplysningar frå Kunden, mellom anna innhenting av personalia, beskriving av Kunden sin verksemd, stadfesting av Kunden sin identitet, dokumentasjon av eventuelle fullmaktsforhold, opplysningar om reel rettighetshavar og/eller politisk eksponert person, opplysningar om kundeforholdet sitt føremål og art, samt opplysningar om formue og midlane sitt opphav.

Kunden er forplikta til å gje opplysningar i tråd med kvitvaskingsregelverket, slik at banken kan oppfylle sine plikter i medhald til kvitvaskingslova, slik den til ein kvar tid gjelder.

Kunden oppfattast å være kjend med og aksepterer at banken er forplikta til ein løypande oppfølging av kundeforholdet ved mellom anna å overvake at transaksjonar som utførast i kundeforholdet, er i samsvar med dei innhenta opplysningar om Kunden, Kundens verksemd og risikoprofil, midlane sitt opphav og kundeforholdets formål og tilsikta art. Vidare er kundane kjend med og aksepterer at Banken er forplikta til kontinuerleg gjennom kundeforholdet å be Kunden om slike

opplysningar, som er naudsynte for at banken skal etterleve sine forpliktingar etter den nemnde lovgjevning.

Dersom Kunden ikkje gjer dei opplysningar som banken er forplikta til å innhente, kan Banken avvikle kundeforholdet.

Kunden er kjend med at Banken har eller kan ha plikt til å gi offentlege styremakter alle relevante opplysningar knytte til kundeforholdet eller einskildtransaksjonar. Dette kan skje utan at Banken opplyser kunden om at opplysningane er gitt.

## 26. OPPLYSNINGSPLIKT OVERFOR STYREMAKTER, KLAGEORGAN OG ANDRE

Banken vil uavhengig av lovpålagd teieplikt gi informasjon om kunden, kunden sine transaksjonar, innestående på klientkonto og anna til dei styremaktene som måtte krevje dette i medhald av gjeldande rett.

Det vert lagt til grunn at kunden har gitt samtykke til at opplysningar, som Banken har teieplikt om, også kan gis til dei som krev dette i medhald av lov, forskrift eller andre reglar fastsette av desse organa. Likeeins vert det lagt til grunn at kunden har gitt samtykke til at slike opplysningar kan gis til det etiske rådet i Verdipapirforetakens Forbund eller Finansklagenemnda der dette er nødvendig for handsaming av klagesaker.

## 27. TOLKING

I tilfelle motstrid med lovgjeving som kan fråvikast ved avtale, skal Forretningsvilkåra ha forrang. I tilfelle der det vert vist til lovgjeving, andre regler eller desse vilkåra, skal dette forståast slik desse lover, reglar og vilkår til ei kvar tid gjeld.

## 28. KUNDEKLAGER

Kunden kan klage til Banken. Det bør klart gå fram at det er ein klage. Banken sine retningslinjer for handsaming av kundeklager er tilgjengelege på Banken si heimeside.

Om klagen gjeld forhold knytt til registreringsverksemda i ES-OSL og Føretaket er kontoførar for kunden, kan klaga framsetjast overfor ES-OSL eller Føretaket. For klagar som rettast mot ES-OSL gjeld klagereglane til ES-OSL. Ved klagar til Føretaket kan Føretaket oversende klagen til ES-OSL for uttale. Om klagen gjeld spørsmål av prinsipiell karakter, skal klagen alltid føreleggast for ES-OSL før endeleg avgjerd blir fatta. Føretaket skal sende melding om mottatt klage til alle med rettigheitar i dei finansielle instrumenta klagen gjeld dersom klagen kan ha betydning for vedkomande sine rettigheiter.

Dersom kunden ikkje er nøgd med klagehandsaminga hjå Banken, kan kunden føre klaga inn for Verdipapirføretaket sitt Forbunds Ethiske Råd i samsvar med dei etiske normene og handsamingsreglar som er gjeldande for saker vedkomande etiske normer. Dersom Banken er knytt til Finansklagenemnda kan klagen alternativt førast inn for denne klageordninga dersom Finansklagenemnda handsamar denne type klage. Banken kan gi nærare informasjon om handsaming av klager for dei ulike produkt.

Utanlandske kundar, inkludert nordmenn heimehøyrande i utlandet, som kan vise til lover og reglar som gir vern mot rettsforfølging frå Banken i relasjon til sine skuldnader mot Banken, fråskriv seg denne retten så langt dette ikkje er i direkte strid med dei aktuelle lover og reglar.

## 29. VERNETING, LOVVAL OG TVISTELØYSING

Tvistar i forholdet mellom kunde og Banken, medrekna tvistar relaterte til Forretningsvilkåra skal løysast etter norsk rett med Sogn og Fjordane tingrett som verneting. Kundar med utanlandsk verneting fråskriv seg ein kvar rett til å motsette seg at søksmål som har tilknytning til desse forretningsvilkåra vert fremja for Sogn og Fjordane tingrett. Kundar med verneting i utlandet kan, uavhengig av ovannemnde, saksøkje Banken ved slikt verneting dersom Banken ønskjer det.

## 30. HANDSAMING AV PERSONOPPLYSNINGAR

Banken ved administrerande direktør er behandlingsansvarleg for personopplysningar.

Personopplysningar vert handsama i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Føremålet med handsaming av personopplysningar er gjennomføring av dei avtalar som vert inngått mellom Banken og kunden, administrasjon, fakturering/oppgjør og marknadsføring av investeringsprodukt og –tenester.

Personopplysningar kan ved lovbestemt opplysningsplikt verte utleverte til offentlege styremakter.

Kunden kan be om informasjon om kva handsaming Banken gjer og kva opplysningar som er registrerte. Kunden kan krevje retting av urette eller mangelfulle opplysningar og krevje sletting av opplysningar når føremålet med handsaminga er gjennomført og opplysningane ikkje kan brukast/arkiverast til anna føremål.